

NYTT Om iraqwa - bibelen



NR. 2 April 2004 GT TIL STAMMESPRÅK I TANZANIA

Eg forstår det ikkje ...

Ein liten gut selde aviser ute på eit gatehjørne, folk gjekk att og fram i kulden. Den vesle guten fraus slik at han greidde ikkje selja så mange aviser. Han gjekk bort til ein politimann og sa: Du skulle vel ikkje vita kvar det er mogeleg for ein fattig gut å finna ein varm plass å sova i natt? Du skjønar, eg søv i ein pappkasse rett rundt hjørna der borte og inn den sidegata. Og det kjem til å vera frykteleg kaldt der i natt. Det ville vera fint å ha ein varm plass å vera på."

Politimannen såg ned på den vesle guten og sa: "Du kan fylgja denne vegen fram til det store kvite huset der borte og banka på. Når dei åpnar døra, skal du berre seia Johannes 3:16, så vil dei sleppa deg inn." Og guten gjorde det. Han gjekk opp trappa og banka på døra, og ei dame åpna. Han såg opp og sa: "Johannes 3:16."

Dama sa: "Kom inn, Son." Ho tok han med inn og sette han i ein gyngestol framfor ein stor peis, og så gjekk ho. Guten sat der ei stund og tenkte med seg sjølv: Johannes 3:16... **Eg skjønar det ikkje, men** det gjer sanneleg ein kald gut varm. Seinare kom ho tilbake og spurde han:

"Er du svolten?" Han svara: "Ja, berre litt. Eg har ikkje ete på eit par dagar, og reknar med at eg kunne tola lite grann mat." Dama tok han med inn på kjøkkenet og plasserte han ved eit bord fullt av herleg mat. Han åt og åt inntil han ikkje kunne greia meir. Så tenkte han med seg sjølv: Johannes 3:16... Neimen om eg forstår det, men det gjer jammen ein svolten gut mett.

Ho tok han med opp til andre etasjen, til baderommet, til eit stort badekar fullt av varmt vatn, og han sat der og bløyte seg ei stund. Som han sat der i vatnet, tenkte han med seg sjølv: Johannes 3:16... Eg forstår det så visst ikkje, men det gjer jammen ein skitten gut rein.

Du veit, eg har aldri fått bada, eit skikkeleg bad, i heile mitt liv. Dama kom inn og henta han. Ho tok han med seg inn på eit rom, la han i ei gammal seng med fjørdyne, og drog dyna rundt han og godt opp rundt nakken hans, gav han ein godnattkyss og sløkte lyset. Som han låg der i mørkret og såg ut vindauga på snøen som dala ned i den kalde natta, tenkte han med seg sjølv: Johannes 3:16... Eg forstår det ikkje, men det gjev for visst ein trøyt gut kvile.



**For så elska
Gud verda
at han gav
Son sin,
den einborne,
så kvar den som
trur på han,
ikkje skal
gå fortapt,
men ha evig liv.**

Joh. 3,16




Have Faith in Him

Om morgonen kom dama oppatt til han og tok han med ned til det same store bordet fullt av mat. Etter at han hadde ete, tok ho han med tilbake til den store gamle gyngestolen framfor peisen og fann fram ein stor gammal Bibel. Ho sette seg framfor han og såg inn i ansiktet hans.

”Forstår du Johannes 3:16?” spurte ho mildt. ”Nei, det gjer eg ikkje. Den fyrste gongen eg høyrde det, var i gårkveld då politimannen bad meg å bruka det.”

Ho åpna Bibelen, las Johannes 3:16 og tok til å forklara for han om Jesus. Og der og då, framfor den store gamle peisen, gav han hjarta sitt og livet sitt til Jesus.

Han sat der og tenkte: ”Johannes 3:16...Eg forstår det ikkje, men det får sanneleg ein fortaapt gut til å kjenna seg trygg.”



Heller ikkje eg forstår korleis Gud kunne vera villig til å senda Sonen sin for å døy for meg og deg, og korleis Jesus fekk kraft og mot til å gå med på noko slikt.

Eg undrast på korleis det var for Gud og englane i himmelen å sjå på kor grufullt Jesus leid og døydde.

Eg kan ikkje forstå den grenselause kjærleiken til DEG og MEG, som fekk Jesus til å halda ut på krossen heilt til slutt – til han kunne sei det er fullført -. Eg forstår det ikkje, men det gjev livet innhald og verdi for tid og æva.

Johannes 3:16: *”For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortaapt, men ha evig liv.*

Må Joh.3,16 få ei ny og djupare meining for oss all denne påskehelga. Eg vedgå at eg får meir og meir å takka Gud for kvar dag som går. Han er kjelda til min eksistens. Han held meg i funksjon kvar einaste dag.

Fil 4:13: *” Alt maktar eg i han som gjer meg sterk.”*

Etter å ha oppdaga kva eg eig i Han, kan eg ikkje anna enn senda bodskapen om Han vidare til nye folkeslag.

Ta deg tid til å lesa påskebodskapen, og: Be ei enkel lita bøn om at alle som høyrer eller les påskeevangeliet i år må få oppleva eit fornyande møte med Frelsaren, og at Gud velsignar dei med det Han ser dei treng.



(Fritt omsett etter e-mail frå Berit Johnsen Tiphon, Texas)

Have Faith in Him



Ved krossen din

Av Johannes Nordbustad

Med fot og hender nagla til
krossen, der du bed: "Far,
tilgjev dei den syndi her dei
veit 'kje kva dei gjer."

Slik ropa du i naudi
di hjartans lidning ut.
I verste smertestundi
ber forbøner til Gud!

Det var for oss du døydde der
klungerkrynt og sår.
Du pinsler bar, og blødde
for syndeskuldi vår!

Ved krossen din me gråta,
vår skuld du der tok bort,
Det er så stor ei gåta alt dette
du har gjort.

Ved krossen, gode Frelsar,
der nørest voni vår. Med
fred du der oss helsar, Med
fulle barnekår!

Ved krossen bør me takke
vår gode bergingsmann,
Frå kvar ein haug og bakke
me lovar Herrens namn.